

Referat SU/ SMU, Sviland skule 21.06 2016

Sviland skule	MØTETYPE:	Møte i samarbeidsutvalet	
	MØTE NR.:	4 – 15/16	
	DATO:	21.06 2016 18.00- 19.00	
	STAD:	Personalrom, Sviland skule	
	MØTELEIAR:	Olga Marie Torsvik Berge	
	MØTEREFERENT:	Trond Fossum	
	ARKIVKODE:	Jnr	
Til stade:	<p>Olga Marie Torsvik Berge, leiar Ann Helen Tveit, pedagogisk personell Gudrun Bertelsen, andre tilsette Leidulv Harboe, politisk representant (vara) Lene Presttun Persson, SFO representant Ola Andre Auestad, SMU Trond Fossum, rektor</p>		
Ikkje møtt:	<p>Anette og Viktoria frå elevrådet – dei måtte diverre melde forfall grunna andre avtaler. Renate Furenes, pedagogisk personell – meldt forfall grunna avslutning på 10. trinn. Jane-Kate Gjesdal, FAU representant – meldt forfall grunna andre avtaler.</p>		

Dersom ein ikkje kan møte, må ein sjølv informere vararepresentanten.

SAK	
21 – 15/16	Godkjenning av innkalling
22 – 15/16	Saker til eventuelt?
23 – 15/16	<p>Info frå elevrådet, tilsette og rektor</p> <p>Elevrådet – avslutning måndag 20.06</p> <p>Rektor – Kokkekamp Transponder – SMS løysing.</p> <p>Tilsette 1.-7. trinn – aktive dagar mot slutten. Aktivitetsdag tysdag. Løype mot Arboreet. 3. trinn vant tur til Kongeparken. Kjekk dag. 7. trinn var også på tur til Kongeparken. Sjukmeldingar har vært ein utfordring, tilsette merker at ein er færre på jobb. Har slitt noko på begge team.</p>

	<p>Kokkekamp kjekk oppleving, stor ære til Gudrun for arbeidet innan Mat og helse.</p> <p>Traces of Europe – 3-årig prosjekt innan Erasmus+ (liknande Comenius). Me startar til hausten. Utveksling av undervisningsmetodikk. Fysste møte i september – koordinatormøte.</p> <p>4. klasse neste skuleår – har vært utsatt for ein del lærarbytte, men skal skjermas så godt som råd er neste år.</p> <p>FAU – 17. mai vel blåst. Ny FAU-leder skal veljas til hausten.</p> <p>SFO – Flytting av lokale – går seg til. Utviklas retningslinjer for sambruk av kjøkken. 37 ungar til hausten. Utprøving av Morgon-SFO frå 01.08 kl. 07:00.</p>
24 – 15/16	<p>Gjennomgang av Kvalitetsplan for skuleåret 16/17</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eg tenkar at planen som blei utvikla for fjoråret framleis gjeld, men me må sjå om enkelte delar skal reviderast. - Planen ser flott ut på papiret. SU har ikkje innvendingar i høve til formuleringar og anna, men synes det er eit paradoks at det ligg så mange krav om forbetringar og utvikling på alle hold, medan det blir kutta i bevillingar og ressursar, og dermed moglegheita skulen får til å fylle opp desse krava.
25 – 15/16	<p>Me tar stilling til Julegudstjeneste</p> <ul style="list-style-type: none"> - SU takkar ja til invitasjon frå kyrkja om julegudstjeneste.
26 – 15/16	<p>Eventuelt</p> <p>Godkjenning av tillegg til Ordensreglement, rettleiing for OneDrive – elevbruk. – SU godkjenner tillegget.</p>